

HUBB til Uskedalen

20.08.2011



Korpset tar mot velfortent applaus under den imponerande Jubileumskonserten i februar (Foto:Rolf Hestetræet)

**Om tre veker samlast 40-50 av dei beste korpsungdommane i fylket i Uskedalen.
Helga 9.-11.september har nemleg Hordaland Ungdoms Brass Band
første samlinga si for sesongen her i bygda.
Base for samlinga er skulen og aktivitetshuset**

Samlinga startar fredag kveld. Øvinga held fram heile lørdag,
og søndag føremiddag.

Deretter er det klart for konsert i aktivitetshuset om ettermiddagen.
Konsertførestillingane med HUBB plar vera publikumsvennlege,
og av høg musikalsk kvalitet.

Dirigent for denne samlinga er Pål Magne Austnes, og
han skulle vera godt kjent for Kvinnheradspublikummet, m.a. som
dirigent for den imponerande UNGT BLOD-konserten som
skulekorpsa i Rosendal og Uskedalen samarbeidde om for eit par år sidan.
Eit viktig poeng er det og at ungdommane i Brazzooka skal vera
solistar under konserten.
Vi er sikker på at det vert ein konsert som fortener eit stort publikum.
Det blir musikk mange vil lika! Både unge og eldre!

HUBB har 4-5 samlingar rundt om i fylket årleg, og på kvar samling
øver dei inn eitnytt konsertprogram som dei framfører
som avslutning på samlingane. Tilsaman er i overkant av 25 skulekorps
representert, og både Rosendal skulekorps og Uskedal skulemusikk
har gjennom åra hatt mange medlemmer som har nytt godt av dette gode tilbodet.
Desse korpsa vert godt representert også på denne samlinga.
I og med det er første samlinga for sesongen vert det nokre nye medlemmer;
- også frå vår kommune.

Eldsjelene Ole Johan Aarlie og Kjersti Pisani legg ned eit enormt arbeid
med dette fylkeskorpset. I snart 6 år har dei styrt korpset på fortreffelig
måte, og dei har fått det til å fungere svært godt både musikalsk og sosialt.
I februar hadde korpset ein imponerande Jubileumskonsert (5 år) med
Tor Endresen og Frode Alnæs som solistar.
Korpset har ikkje fast musikalsk leiar, men skifter dirigent frå samling til samling.

På samlinga i Uskedalen hjelper naturleg nok Uskedal skulemusikk
til med praktisk tilrettelegging, og skulemusikken synst

det er både inspirerende og kjekt at HUBB har lagt denne samlinga her til bygda.

Av Thor Inge Døssland